



# – Dei visste at skillingsviser

Skillingsvisene kunne herja som landeplager over heile Noreg – og gjer det framleis.

**Isak Slettebo**  
isak@vtb.no

## ■ NOREG

– Eg har funne melodiar frå både Seljord og Gransherad til denne visa. Og frå Gudbrandsdalen, Førde, Setesdal ...

Anne Sigrid Refsum er ei av mange som grev i arkiva på leit etter skillingsvisene. Eller, arkiva og arkiva, snarare ligg skillingsvisene gøymde rundt på tilfeldige plassar. Inntil nyleg hadde dei status som noko nær kiosklitteratur, langt frå mellomalderdikta, som det liksom var noko urnorsk og æveleg over.

### Ikkje norsk nok for Landstad

– Dette har vore lite prioritert av museum, arkiv og bibliotek. Dei dukkar framleis opp i kasser og loft, seier Refsum.

Skillingsvisene har nemleg vore songane til vanlege og fattige folk, og difor ingenting å spare på.

– Men mange folkeviser er jo samla inn. Var ikkje dei òg folkelege?

– Jo, absolutt. Men innsamlarane i Vest-Telemark var mest interesserte i det som var gammalt og «ekte norsk», ikkje så mykje populærmusikken i samtida.

Refsum har sjølv studert tradisjonsmusikk på Raulandsakademiet i to år, og er godt kjend med Vest-Telemark og musikken herifrå.

– Landstad og Sophus Bugge såg etter det som var mellomalderisk og tilhørde ein gullalder i norsk kultur. Det som kom frå 1600-1700-talet, hadde dansk språkdrakt og var kanskje omsett frå tysk, det var ikkje norsk nok. Det var ikkje kunst, rett og slett.

I tillegg fanst skillingsvisene ikkje berre på landet, men òg i byen. Såleis meinte innsamlarane kanskje at sjangeren var noko framand, noko som ikkje hørde heime i Noreg, trur Refsum.

Men dei som song balladar for Landstad, hadde ein haug med skillingsviser på repertoaret. Ei skillingsvise er ei vise som har vore gitt ut i det me kallar eit skillingsstrykk – eit lite hefte som er massepodusert og selt billig.

### Kommersielle som nettavisene

– I dag tenker me på det mest som sånne triste oldemor-songar, slike som Lina i Emil i Lønneberget syng, om tapt kjærleik, sjukdom og død. Det er fordi at på slutten av skillingsvise-perioden var det mest det det gjekk i. Men dei kunne handla om kva som helst, fastslår Refsum. Dei kunne formidla nyhende om brann, naturkatastrofar og skipsforlis. Det siste var veldig vanleg. Det kunne

vera debattinnlegg, eller vera til underhaldning – som kjærleikssongar, sjømannsviser og soldatviser. Og så var det mykje religiøst, men òg mykje humor.

– Sams for alle er at dei som trykte dei, visste at dei kom til å selja.

Kanskje er det difor skillingsvisene har fått ry som ein slags «allmuens opera». Det var salsprodukt, og dei kunne vera kommersielle på ein måte som me kjenner att frå nettavisene i våre dagar. Dei har overskrifter som byrjar med «SISTE:» og «NÅ:» for å visa kor aktuelt det er. På tittelsidene til skillingsvisene kunne det like eins stå «En ny vise», «Trykt i dette år» eller «Nu nylige udgaaet paa prenten», som det heitte i ei domedagsvise frå slutten av 1500-talet.

### Visa om Brynning – ein monsterhit på 1800-talet

Visa som er tonesett i Seljord og Gransherad, er ei Refsum har forska mykje på, og som handlar om riddaren Brynning.

– Det var ein «skandinavisk superhit» på meir enn hundre strofer, som dei fleste kjende godt til gjennom to hundre år, særleg 1800-talet, fortel Refsum.

– Det er ei klassisk kjærleikshistorie, held ho fram, og oppsummerer soga slik:

Brynning reiser frå sin fars slott for å søkja lukka, nett som i eventyra. Han kjem til England, eit eventyrland som me møter mange stader i folkediktinga. Det har ikkje noko med det verkelege England å gjera. Her forelskar han seg i prinsessa. Det er sjølv sagt umogleg, for han er jo berre riddar. Kongen tilbyr han den uekte dottera si, men det kan ikkje Brynning gå med på. Han takkar nei, men fornærmar kongen og blir dømd til døden. Kongen gir han nåde i siste liten og set han i fengsel. Prinsessa er òg forelska i Brynning, og når det blir krig og kongen må ut i kamp, freistar ho å ordna det slik at ho kan få han. Ho tilkallar rådet og får dei til å lova henne at ho skal velja sin eigen ektemann. Dei trur ho skal velja ein av dei og seier ja, og så forkynner ho for alle at ho vel Brynning i staden.

### Mjuke mannfolk, sterke kvinnfolk

– Det er kortversjonen av historia. Men dei fleste versa handlar om det indre livet til personane. Det er tvil og sjølvforakt, slike ting du kjenner på når du er ulukkeleg forelska. Eg trur mange kan kjenna seg att i det.

– Kva vil du seia om mannsrolla og kvinnerolla her?

– Brynning er helten i historia. Han forsvarar si ære med at han ikkje kan

## FAKTA

### FORSKING PÅ SKILLINGSVISER

- Refsum og fleire andre arbeider med å kartleggja skillingsvisene i Noreg.
- Hittil har dei sloppe to bøker: ei om skillingsvisene frå 1550 til 1950, og ei om arven etter dei.
- Alt ligg ute på nett, men bøkene finst òg i fast form.
- Eit av måla er å laga ein database med alle skillingsvisene, der du kan søkja på titlar eller tekstbitar.




Fig. 504. — Ch...

**NYHENDE:** Den sensasjonelle ballongferda som enda i Seljord i 1870, var ypperleg skillingsvisemate


gifta seg med ei som er uekte fødd, og står fast på sine prinsipp og takkar nei til rikdom og posisjon for å vera tru mot den han elskar. På den måten er han ein klassisk, tradisjonell helt. Men så skiftar fokuset i forteljinga. Det er

prinsessa som er den handlande part, den som løyer problemet. Vanlegvis er det det me forventar av ein helt. Men helten, han sit i fengsel, ber til Gud, drøymer om prinsessa og tviler på seg sjølv. Det er prinsessa som må





# ne kom til å selja



ate, en Norvège, du ballon de Rolier et Bezier.

riale, og det var fleire som gjorde vers ut av det. Bildet er henta frå Wikipedia. FOTO: TRESTIKK AV TEIKNING AV MORTEN MÜLLER I LES MERVEILLES DE LA SCIENCE

vera lur, snakka med folk og gripa inn. Oppgåva til Brynning er å sitja stille og venta, og så ordnar det seg.

Såleis skil Brynning seg frå eldre helte-dikt, meiner Refsum, men uvande kjønnsroller var heilt i tråd med tren-

dane ute i Europa, i dei høgare laga av samfunnet.

#### Visa om Cayman Islands

– Skillingsvisene er kanskje borte, men kor finn me restane av dei i dag?

– Det med å laga aktuelle songar, det er noko som verkeleg stammar frå skillingsviseskulturen. Kanskje det sterkaste uttrykket for det i dag er «Songar frå nyheitene» som kjem på Youtube, svarar Refsum.



**GAMAL SVISKE:** Det står: «Ridder Brynnings vise, om hans Kærlighed til Prinsessen af England, Kong Edwards Datter. Hvorledes de gennemgik saare meget for deres trofaste Kærlighed, men kom lykkelig til Ægteskap og Regering, dog først efter at Ridderen længe havde siddet fangen. Gammel Kærlighedsviser. Alle unge Elskende til en fornøjelig og underholdende Læsning.» Det fyrste kjente trykket er frå slutten av 1600-talet.

FOTO: FRÅ SISTE KJENTE TRYKK, 1901

Dei fleste fekk med seg songen om Cayman Islands, der skipsreiar Herbjørn Hansson og politikar Kari Elisabeth Kaski kivast om øygruppa i Karibia er eit skatteparadis eller berre eit «ekstremt velorganisert samfunn». Det blei den store sommarhiten i fjor.

– «Songar frå nyheitene» står i den tradisjonen. For det finst massevis av skillingsviser om til dømes Søren Jaabæk, politikaren som levde på 1800-talet, seier Refsum.

Skal tru om det ikkje var skillingsvisene som gav han tilnamnet «Neibæk», fordi han var så imot å auka offentlege utgifter?